

## 4. Karrierelæring



Området Karrierelæring handlar om å legge til rette for læringsprosessar og aktivitetar, slik at veksøkjaren får økt læringsutbytte og utviklar kompetanse til å handtere karrieren sin i forandring og overgangar.

Ein karriererettleiar har god kunnskap om karrierelæring, og vet korleis karrierekompetanse kan bidra til at den einskilde blir betre i stand til å handtere forandring og overgangar i liv, læring og arbeid. Karriererettleiaren kan legge til rette for utforskning og læring for å utvikle karrierekompetanse.

### Kunnskap

Karriererettleiaren:

- har kunnskap om karrierelæring og karrierekompetanse
- har grunnleggande kunnskap om læring og læringsteori
- har kunnskap om eit breitt spekter av karrierelæringsaktivitetar
- har kunnskap om kompleksiteten i det å handtere forandringar og overgangar i liv, læring og arbeid

### Ferdigheiter

Karriererettleiaren:

- legg til rette for rettleingsprosessar for individ og grupper med læring og utforskning som mål
- utviklar, planlegg og gjennomfører karrierelæringsaktivitetar gjennom bruk av relevante metodar, verktøy og ressursar
- vurderer læringsutbyttet av ein karrierelæringsaktivitet
- asamarbeider med aktørar som kan bidra til karrierelæringsaktivitetar med relevans for den einskilde / gruppa

### Generell kompetanse

Karriererettleiaren:

- viser forståing for konteksten den einskilde lever i, og anerkjenner at karrierelæring må skje med utgangspunkt i den einskilde sin situasjon
- kan analysere kritisk, og med høg grad av etisk bevisstheit, korleis karrierelæring og karrierekompetanse kan påverke livet og vala til den einskilde